



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN
Att. Endre Korsøen

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom N Pedersen, 5557 2119

Uttale til søknad frå Lerøy Vest AS om endra plassering av fôrflåte på lokaliteten 11687 Ramsvik i Alver

Vi viser til søknad frå Lerøy Vest AS datert 11.02.2021 og oversendt frå Vestland fylkeskommune den 12.02.2021. Søknaden gjeld endra plassering av fôrflåte på lokaliteten Ramsvik i Alver.

Lokaliteten Ramsvik ligg i klarert areal i akvakulturregisteret, som igjen ligg delvis i AK området i gjeldande arealplan for Alver kommune. Anlegget i dag er eit stålanlegg med integrert fôrflåte. Lerøy Vest AS ønskjer å modernisere drifta på anlegget ved å oppgradere fôrflåten slik at den kan ta imot fôrleveransar til silo som erstatning for leveransar i storsekkar. Dette vil betre sikkerheita for dei tilsette.

Lerøy Vest AS søkjer om å plassere fôrflåten lenger mot søraust. Oppgjeven plassering av fôrflåten (midtpunkt) er 60° 34,648 N 5° 11,763 A. Plasseringa er innafør AK området i gjeldande arealplan.

Flytting av fôrflåten fører ikkje til trong for endring av utsleppsløyvet. Det vart sist endra 07.10.2019.

Flytting av fôrflåten inneber at denne får kortare avstand til nærmaste bustad/fritidsbustad, jf. kartutsnitt synt i figur 1. Bustaden har vore der sidan på 60-talet.

Statsforvaltaren mottek jamleg klagar på støy frå akvakulturanlegg. Støygrensene som er sette i utsleppsløyvet er gjeldande. Framlegget til plassering av fôrflåten inneber at avstand til nærmaste utsette fasade blir 161 meter. Vurdert ut frå dei støyrapportane vi har fått frå andre lokalitetar finn vi grunn til å tru at det kan blir vanskeleg å drifta lokaliteten utan å kome i konflikt med støygrensene i utsleppsløyvet. Vi tek atterhald om at vi ikkje kjenner til kva bruk som er knytt til bygningen som er synleg på kart og flyfoto.

Ut frå dei opplysningane som er gitt i søknaden vil Statsforvaltaren difor rå frå plassere fôrflåten slik det er gjort framlegg om her. Alternative løysingar bør vurderast.

Dersom ein vel å gå for denne plasseringa, vil det blir naudsynt med støykartlegging for å kunne vurdere korleis anlegget kan bli drifta innanfor gjeldande støygrenser.



Figur 1: Plassering av anlegg, AK-område og framlegg til plassering av fôrflåte med avstandar til nærmaste fritidsbustad. Skjermdump frå Fylkesatlas.

Med helsing

Gunn Helen Henne
Senioringeniør

Tom N Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

LERØY VEST AS Skipavika 54 5397 BEKKJARVIK
Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG